



Statens vegvesen - Region Vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Dato: 13.07.2016
Vår ref.: 2015/10285-15
Saksbehandlar: erliver
Dykkar ref.:

Melding om vedtak - Sak om fråvik frå vegnormalane for FV 561 Kolltveit - Ågotnes

Sak om fråvik frå vegnormalane for Fv 561 Kolltveit – Ågotnes er no ferdig handsama av fylkesutvalet i Hordaland fylkeskommune.

Under følgjer vedtak i saka.

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Erlend Iversen
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 23.06.2016

Aud Karin Oen (SV) sette på vegner av SV, KrF, Sp, A, MDG, V, H og Frp fram slikt forslag:

«Nytt punkt 5:

Fylkesutvalet føreset at det vert lagt til rette for gjennomgåande gang- og sykkelveg i området.»

Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Oen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Hordaland fylkeskommune skal ha eit tenleg og trafikksikkert vegnett, men legg til grunn at i arbeidet med å planlegge nye vegtiltak på fylkesvegnettet må ein større grad ta omsyn til at prosjekta er økonomisk gjennomførbare.
2. Fylkesutvalet gir fråvik frå vegnormalane og går inn for at ny FV 561 mellom Kolltveit og Ågotnes vert planlagt som tofeltsveg (H5), men med rumlefeldt i staden for midtdelar. Det vert ikkje planlagt forbikøyringsfelt på strekninga.
3. Fylkesutvalet går inn for at kryss på Ågotnes sør vert planlagt som eittplanskryss, og at det må arbeidast vidare med avbøtande tiltak som ivaretar trafikktryggleiken. Eit eventuelt framtidig toplanskryss bør detaljerast i samband med senterutvikling av Ågotnes.
4. Fylkesutvalet legg til grunn at reguleringsplanen må sikre tilstrekkeleg areal til at vegen på eit seinare tidspunkt kan utvidast til 4 felt og med toplanskryss på Ågotnes.
5. Fylkesutvalet føreset at det vert lagt til rette for gjennomgåande gang- og sykkelveg i området.